

RAUMA KOMMUNE

SAKSPAPIR I DELEGASJONSSAK

Styre, utvalg, komite m.m.	Møtedato	Saknr	Saksbehandler
Fullmaktsvedtak planutvalg	16.01.2013	014/13	BRG

Saksansvarlig Brit Grønmyr	Arkiv: K2-K11, K1-Objekt:	Arkivsaknr 07/40
--------------------------------------	----------------------------------	----------------------------

SØKNAD OM KVISTING I TAFJORDFJELLA PÅSKA 2013 - ÅLESUND OG SUNNMØRE TURISTFORENING

Vedlegg:

Søknad frå ÅST v/Linda Flem

Saksutredning:

Ålesund – Sunnmøre Turistforening søker i brev datert 27.12.2012 om løyve til å kviste strekninga Tunga – Puttbua – Veltdalshytta – Danskehytta – Grotli. I Rauma kommune er den omsøkte trasèen delt mellom Reinheimen nasjonalpark og Romsdalen landskapsvernområde. Det blir opplyst at Lars Fransplass skal kviste frå Brøste til Veltdalshytta i samarbeid med mannskap frå ÅST, medan Skjåk Røde Kors skal stå for den resterande merkinga. Begrunninga for kvistinga er sikkerheita for skigåarar.

Så lenge det blir nytta kvist av lokalt trevirke, vurderer Rauma kommune merkinga til å ligge innanfor begrepet ”vedlikehald av merka stiar” i § 3pkt 1.2.b i forskrift for Reinheimen Nasjonalpark og § 3 pkt 1.2.e i forskrift for Romsdalen landskapsvernområde. Dermed treng ikkje sjølve kvistinga spesielt løyve etter verneforskriftene.

Etter forskrift for Romsdalen landskapsvernområde § 3 pkt 5.3.f. kan forvaltningsmyndigheita gi løyve til ”motorferdsel i samband med opparbeiding, merking og preparering av skiløyper”.

Etter verneforskriften for **nasjonalparken** er bruk av skuter for merking av stigar og løyper forbode. Forvaltningsmyndigheita kan likevel gi løyve til slik merking som er i samsvar med forvaltningsplanen. I Tabell 3 i kapittel 4.4 i Forvaltningsplanen er rutene Veltdalshytta-Puttbua og Puttbua- Brøstdalen registrerte som kvista vinterruter.

Bruk av snøskuter til merking av skiløyper er ikkje direkte hjemlet i nasjonal forskrift om bruk av motorkøyrety i utmark og på islagte vassdrag. Dette tiltaket blir vurdert til å ligge innanfor teksten ”opparbeiding og preparering av skiløyper” for ålmenta i regi av turlag mv. i § 3 pkt. e. i forskrift om motorferdsel i utmark og på islagde vassdrag, og er ikkje søknadspliktig.

Vurdering

Alle saker som berører naturmangfoldet skal vurderast etter §§ 8-12 i Naturmangfoldlova, jfr § 7.

Kunnskapsgrunnlaget (§8) når det gjeld det omsøkte tiltaket blir rekna som tilstrekkeleg til at ein ikkje treng å ta i bruk **føre-var-prinsippet (§9)**. Tiltaket er med i Forvaltningsplanen, og verksemda har foregått over fleire år utan at negative verknadar på natur og miljø er kjent.

Etter § 10 “**Økosystemtilnærming og samlet belastning**” skal ei beslutning vurderast i lys av fleire påverknadar seinare, og om eit løyve kan skape presedens, og på denne måten bidra til ei gradvis forringing av området. Dette er ikkje ein type tiltak som skaper presedens da krava til å kunne gi løyve er konkrete og talet på aktørar som fell innanfor svært avgrensa.

NML § 11 seier at “**kostnadene ved miljøforringelse skal bæres av tiltakshaver**”. Det blir antatt at dette avgrensar seg til forbigående støyproblematikk.

I § 12 i NML står dette **om miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetoder**: “*For å unngå eller begrense skader på naturmangfoldet skal det tas utgangspunkt i slike driftsmetoder og slik teknikk og lokalisering som gir de beste samfunnsmessige resultater*”. Desse teljingane blir rekna som ein nødvendig del av forvaltninga, og det blir sett på som positivt at det er stor grad av samkøyring mellom dei ulike aktørane i villreinforvaltninga, noko som reduserer den samla belastninga.

I forskrifta for Reinheimen nasjonalpark er det ikkje paragrafer som direkte nemner at motorferdsel i samband med skiløypemerking er direkte heimla eller kan tillatast etter søknad. Kvisting/merking av omsøkt trasé starta for nokre år sidan og det er knytt eit vesentleg sikkerhetsaspekt til kvistinga. I § 48 i Naturmangfoldloven er sikkerhetsomsyn kome inn som ei grunngeving for å kunne gi dispensasjon. Blir kvistinga utført på ein omsynsfull måte skal det ikkje påverke verneverdiane nemneverdig eller stride mot verneformålet. Forvaltningsmyndigheita vurderer derfor formålet saman med vurderingane etter NML §§ 8 – 12 som tilstrekkelig til å kunne gi dispensasjon fra verneforskriften som omsøkt på vilkår.

Dette er ein type søknad som kjem i kategorien fast og kjend, og kunne derfor fått fleirårig løyve. Dette blir i denne omgang overlatt til neste års behandling å vurdere, dels fordi søknaden omfattar fleire kommunar og nasjonalparkstyret derfor kan vurdere eit heilheitleg og fleirårig løyve og dels fordi ein ikkje kan sjå at ein har motteke skriftleg rapport frå kvistinga og dette slik er eit brot på vilkåra i løyvet.

VEDTAK:

Med heimel i § 3 pkt 5.3.f i forskrift for Romsdalen landskapsvernområde og § 48 i Naturmangfoldloven gir Rauma kommune Ålesund – Sunnmøre Turistforening løyve for 2013 til å bruke snøskuter i samband med merking/kvisting av skiløypa fra Tunga til Puttbua og vidare til kommunegrensa mot Skjåk etter løypa mot Veltdalshytta på desse vilkåra:

- Til merking av løypa skal det brukast kvist av lokalt trevirke.
- All køyring skal følge løypetrasé i forvaltningsplana for Reinheimen
- Løyvet gjeld ikkje tilsyn med kvistinga
- SNO-personell skal kontaktast før køyring for å sikre at dei som utfører stikkinga tek spesielle omsyn til villreinen i området.
- Det skal nyttast leigekøyrar og førast køyrebok.
- Rauma kommune vil ha ein skriftleg rapport fra Ålesund – Sunnmøre Turistforening om erfaringer med kvisting av løypa, frist 1. juli 2013.

Løyvet avgrensar ikkje grunneigaren sin rett til å nekte ferdsel på eigen grunn. Det er søkjaren sitt ansvar å innhente dette.

Rett utskrift bekreftes

«Sbr_Navn»

«Sbr_Tittel»

Direkte tlf. «Sbr_Tlf»